

Tiltaksstrategi - UKL Leveld – justert i 2019

Planlegging og forprosjekt	
Inspirasjon utanfrå – studietur	
Profesjonell rådgjeving ved ombygging av bustad og driftsbygning om grunneigar/kommunen ser det som naudsynt	
Forprosjekt for utarbeiding av pakker til reiseliv	
Kartlegging av kva som skal til for å få meir lokal foredling og sal av produkt i Leveld	
Legge til rette for godt bumiljø	

Nydyrking og drenering	
Nydyrking	Inntil 4 000 kr/daa
Drenering (i tillegg til offentleg tilskotssats som p.t. er kr 2000/daa og kr 30/løpemeteter grøft)	Inntil 1 000 kr/daa og 15 kr/løpemeteter grøft

Slått av bratt areal	
Bratt fulldyrka og overflatedyrka areal som har ein helling på 1:5 eller brattare (i tillegg til offentleg tilskotssats som i 2019 førebels er sett til 150 kr/daa ved helling 1:5 og 225 kr/daa ved helling 1:3, jf. Regionale miljøtilskot og regionale miljøkrav for jordbruket i Oslo og Viken 2019)	Inntil 300 kr/daa
Det settast vilkår om at arealet må slås minst ein gong i løpet av vekstsesongen og seinast innan 15. august. Graset må fjernast	

Beite- og vedlikehaldsrydding	
Satsane er differensiert etter kor vanskeleg terrenget og vegetasjonsryddinga er:	
Rydding av areal med tett bestand og/eller bratt og steinete/vanskeleg terreng	Inntil 4 000 kr/daa
Rydding av areal med middels/glissen bestand og/eller lett terreng	Inntil 2 000 kr/daa
Desse tiltaka krev synfaring før søknad. Ta kontakt med landbruksforvaltninga i Ål kommune for å avtale tid	

Kulturminne

Restaurere eldre verneverdige bygningar
--

Investering	
Investeringstilskot kan gis til utstyr som skjøttar og opnar kulturlandskapet og tar vare på det biologiske mangfaldet	

Kartlegging (felles) og skjøtselsplanar (den enkelte grunneigar kan søkje)	
Kartlegging og skjøtselsplan over områder med biologisk mangfald	
Kartlegging av kulturminner (steingjerde, røyser o.l.)	

Tilgjenge og opplevingskvalitet	
Rydde natur- og kulturstiar, opne opp gamle samlingsplassar, leirplassar mv. (jf. «Opplevingar for ein kvar smak» - Strategi for reiseliv basert på landbruket og reindrifra sine ressurser)	

Lista er ikkje uttømmende. Sjå elles i forvaltningsplanen for andre tiltak.